

Hyllestad Næringsråd

Prosjekt 20: Kartlegging, utvikling og omstilling av næringslivet i Hyllestad

Referat

Møte nr 1.13

frå møte i interimstyret for Hyllestad Reiselivslag.

TILSTADES: Interimstyret:

- Mona Birkeland (MB)
- Oddvar Hatlem (OH)
- Lisa Giil (LG)
- Roar Nordbø (RN)
- Magnar Eide (ME)
- Sylvi Sundgot (SS)

Leiar i Hyllestad Næringsråd : Joakim Systaddal (JS)
Prosjektleiar omstillingsorg. : Terje Nilsen (TN)

Solfrid Birkeland, leiar i fjelltrimgruppa og Kathinka på kommunen møtte i tilknytning saker vedr skogrydding og merking av turløyper.

STAD: Leirvik Kro & Motel

TID: Tysdag 22.01.13 – Kl 18:30 – 21:15

ANSV	SAK
	1.13.1 <u>Referat</u> Ingen merknader til referat frå møte 04.12.12
JS	1.13.2 <u>Reiselivsverksemdar</u> Det er skrive brev. Vert sendt ut snarast. Ca 10 nye medlemmer i 2012.
Alle	1.13.3 <u>Organisering</u> JS og OH har nyleg vore i styremøte i «Jensbua». Det er vedteke å avvike «Jensbua» og flytte aktiviteten over til «Fjordkysten». Prosessen startar i februar og vert gjennomført i laupet av 2013.
JS	1.13.4 <u>Budsjett</u> Budsjett vedteke i kommunestyret 13.12.12
OH/MB	1.13.5 <u>Merking av turløyper og sak 1.13.6 Skogrydding</u> Det er mogleg å søkje etter midlar til merking av løyper hjå Gjensidigestiftelsen. Søknadsfrist er 15. februar. Solfrid Birkeland lagar søknad (evnt i lag med Elin Garnes Solås frå grandalaget i Sørbovåg) OH hjelper til. Det trengs også midlar til skogrydding og det er ikkje avsett til dette i 2013. Det ligg heller ingen planar føre for vedlikehald. Der er eit lite overskot frå sal av turkart. Det bør undersøkjast kva som evnt ligg av moglegheiter innanfor «Tilskuddsportalen» «Konsesjonsfondet» (kfr Arne Dale på kommunen) kan også vere aktuelt. Solfrid sender søknad til Arne Dale med orientering til grendalaga. Det er viktig å lage gode søknader og søknadar må representere alle.

Stadfesting frå grunneigarar må liggja ved. Kathinka ordnar dette.

- 1.13.7 Kvalitetssikring av reislivstilboda
Viktig med kvalitetssikring av reiselivstilboda.
Døme på kvalitetssikringsssystem kan vere det som er utvikla av NHO Reiseliv.
Vert teke opp seinare.
- 1.13.8 Produktpakking
Det bør lagast lister over kva bedriftene har å tilby.
Lage workshops og utvikle pakkar er ein god ide. Stor verdi i at ein møtast.
Ein må også vere villig til å legge pengar i det. Det må jobbast for ein overordna strategi.
- TS orienterte i dette høve om at kommunen har knytt kontakt med Helge Møller frå Destinasjon Hardanger. Han er tenkt og skulle hjelpa kommunen med strategiarbeid.
Til oppfølging.
- 1.13.9 Turguiding
Det vil vere mogleg å arrangere kurs i naturguiding.
Vert teke opp seinare.
- JS 1.13.10 Marknadsføring og sak 1.13.11 Web-side
Så langt er Reiselivslaget godt marknadsført via HNR.
Inntil vidare vert det lagt ei ekstra side på websida til HNR.
Denne er godt besøkt og har også mange fylgjarar på facebook.
- RN/ME RN/ME kjem med innspel på utforming av side
- 1.13.12 Informasjonsmapper
Tema for aktuelle workshops.
- LG 1.13.13 Stopp for turistskip
LG var i byrjinga av januar i møte med Høyanger Næringsutvikling, Innovasjon Norge og Hydro.
Det er aktuelt med en cruisegruppe, der ein ynskjer 2 representantar frå Hyllestad. (Vert LG og Rune Thorsnes)
Planen blir å få turistskip til å stoppe i 2014.
Til oppfølging.
- ME 1.13.14 Åfjorden rundt.
Det vert satsa på å kunne gjennomføra arrangementet i 2014 og nytta 2013 til å kartlegge trase og planlegging.
Ein tanke kan vere å kombinera det med Lifjellsklyvet.
Til oppfølging.
- 1.13.15 Arrangere tur
Initiativ frå Rolf Risnes om å arrangere 1-2 turar i området i laupet av året.
Til oppfølging saman med interesserte i workshops.
- 1.13.16 Nettverkstiltak
Utvikling av regionalt samarbeid er aktuelt, men no vert det fyrst prioritert å få det lokale samarbeidet til å virka.
- MB 1.13.17 Samarbeid med Kvernsteinsparken
Parken må bli «navet» i reiselivssatsinga i kommunen.
Særleg i høvet stopp for turistskip vart dette nevnt.
Det er ynskjeleg med representant frå stiftinga i reiselivsstyret.

Til oppfølging

- RN 1.13.18 Forstudie
«Reiseliv som fokusert satsing i Hyllestad» i regi av Jensbua er levert nå.
Rapport er god.
Vert sendt som pdf til styret.
- 1.13.19 Innkvartering av arbeidrarar ved Havyard
Aktuelle bedrifter er meldt inn.
Havyard har derimot bestilt ny brakkerigg.
Saka avslutta.
- Alle 1.13.20 Framtidsfylket
Deltaking på messa i Oslo 5. mai.
Sjå epost frå Joakim 04.01.13.
Til orientering.
- Alle 1.13.21 Karrieremesse HAFS
Fjalerhallen 5. februar.
Gjeld også Grieghallen 13. februar.
Til orientering.
Det kan evt. gjevast tilbakemelding til JS
- Alle 1.13.22 Møteplan
Forslag til møteplan fyrste halvår:
Alle dagar tysdagar kl 18:30
26.02, 19.03, 16.04, 14.05, 18.06.
Klokkeslett 26.02 vert nærmare avklart.
- MB 1.13.23 Mediadekning
Forslag om å invitere journalist frå «Firda» og eller «Ytre Sogn» til neste møte.
- RN 1.13.24 Innkvartering
Hyllestad Skyttarlag har stemne helga 2. og 3. mars og det er trong for ekstra overnatting. RN sender ut info om dette.

Magnar Eide
27.01.13